

VR-sak 09/17: Cruisestrategi for Vestlandet – utarbeiding av handlingsplan.

Innleiing og bakgrunn for saka

Cruisetrafikken til Vestlandsregionen har dei seinare åra auka kraftig, og utgjer etter kvart ein viktig del av den samla reiselivsnæringa på Vestlandet. Om lag 70 prosent av all cruisetrafikk i Noreg skjer i dei fire Vestlandsfylka. Det er i alt 17 hamner som tek i mot cruiseskip på Vestlandet, alt frå Bergen som største cruisehamn i Noreg, til nokre av dei minst nytta cruisehamnene i landet.

I følgje ei prognose utarbeidd av Transportøkonomisk Institutt (TØI) kan talet på cruiseturistar doblast fram mot 2041 (Dybedal, Farstad, Winther & Landa-Mata, 2015). Det er mange moglegheiter knytt til denne auken. Samstundes fører den med seg ein del utfordringar. Ei av utfordringane er knytt til utsleppa frå cruiseskipa medan desse ligg til kai, der både luft- og vassforureining kan utgjere eit problem. Det er også ein del utfordringar til det å få auka dei positive ringverknadane til reiselivsnæringa i nærleiken av hamnene. Med andre ord auka verdiskaping og betre lønsemd for reiselivsbedrifter som leverer til cruiseindustrien. Det er også ønskeleg at fleire reiselivsbedrifter kjem i posisjon til å levere aktivitetar og opplevingar retta inn mot cruiseindustrien.

For å få eit tydelegare bilete på vegen vidare har dei fire fylkeskommunane på Vestlandet utarbeida ein felles cruisestrategi for regionen, «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020». Denne vart vedteken av Vestlandsrådet i november 2016. Føremålet med cruisestrategien er å støtte opp om visjonen i den overordna reiselivsstrategien for Vestlandet, og å arbeide vidare med problemstillinger knytt til cruiseturisme. Dette vil ein oppnå gjennom klare og målretta strategiar for vidare utvikling av cruise som ein del av reiselivsnæringa i landsdelen.

Visjonen i reiselivsstrategien er:

«Det mest berekraftige reisemålet i Europa, basert på lønsame og tilgjengelege naturopplevelinger». Hovudmålet for cruisestrategien er: *«Cruiseturismen i Vestlandsregionen skal utviklast som ein del av reiselivsnæringa på ein berekraftig måte, slik at ein tek vare på natur, kultur og miljø. Cruiseturismen skal bidra til auka lokal verdiskaping og lønsemd i regionen».*

Dette skal skje gjennom fleire delmål og strategiar. Vestlandsrådet bad i 2016 om at det vert utarbeidd ein handlingsplan for å nå måla i strategien. Dei fire vestlandsfylka skal gjennom Vestlandsrådet utarbeide ein handlingsplan til strategien, og vi vil gjennom denne saka dele nokre tankar om arbeidet med planen.

Mål og strategiar i cruisestrategien

Arbeidet vi no er inne i byggjer på mål og strategiar som er vedtekne i cruisestrategien:

Generelle mål:

- Arbeide for at det vert utforma ein nasjonal strategi for cruiseturisme i Noreg
- Betre samarbeid mellom aktørar i cruisenæringa i heile regionen
- Sikre god beredskap for å takle uønskte hendingar knytt til cruisetrafikken i regionen

Generelle strategiar:

- Skape ei felles forståing og praksis knytt til Hamne- og farvasslova (R)
- Etablere eit regionalt nettverkssamarbeid i Vestlandsregionen der både fylke, kommunar, hamner, destinasjonsselskap og næringa deltek (R)

Vestlandsrådet

- Koordinere dei ulike fagfelta i kvar fylkeskommune internt og etablere eit tettare Vestlandssamarbeid for å styrke ei felles, regional oppfølging av mål og strategiar (R)
- Vurdere den nord-norske modellen for eit regionalt cruisesamarbeid (R)

Delmål, verdiskaping:

- Auka landbasert, lokal verdiskaping knytt til cruisetrafikken i Vestlandsregionen
- Auka marknadsdel av dei mest kjøvesterke og betalingsdyktige cruisejestene
- Fleire heilårlege arbeidsplassar i regionen knytt til cruiseturismen
- Utvide talet på lokale bedrifter som har økonomisk nytte av cruisetrafikken
- Identifisere og utvikle nye næringar knytt til cruisetrafikken i regionen
- Fleire cruiseanløp utanfor sommarsesongen der det ligg til rette for dette

Strategiar, verdiskaping:

- Arbeide for at ei nasjonal ordning med ei fellesgodefinansiering frå heile reiselivsnæringa, inkludert cruise, vert greidd ut (R)
- Arbeide for fleire snuhamnanløp i Vestlandsregionen (R)
- Utarbeide ei nullpunktsanalyse for verdiskaping og lønsemeld i cruisetrafikken i Vestlandsregionen (R)
- Greie ut moglegheitene og potensialet for etablering av eit regionalt anlegg som kan forsyne cruiseskip og anna skipsfart med LNG eller andre framtidssretta drivstoffalternativ (R)

Delmål, miljø og klima:

- Vestlandsregionen skal vere internasjonalt leiande på berekraftig cruiseturisme
- Cruiseturismen i regionen skal utviklast i samsvar med UNWTO (World Tourism Organization) sine ti prinsipp for berekraftig reiseliv
- Betre spreiing av trafikken mellom hamner og gjennom sesongforlenging
- Få fram betre og meir oppdatert datagrunnlag og kunnskap om dei miljømessige konsekvensane av cruisetrafikken, både regionalt og nasjonalt
- Leggi til rette for at cruiseturistane i størst mogleg grad tek i bruk miljøvenlege transportformer i hamner og på reisemål

Strategiar, miljø og klima:

- Profilere Vestlandsregionen som ein miljøbevisst cruisebestinasjon med høge krav i alle ledd der kvalitet vert prioritert føre kvantitet (R).
- Utarbeide eit program med tilrådingar og retningslinjer for miljøfremjande tiltak som styrker cruisetrafikken som ein berekraftig del av reiselivsnæringa i regionen (R).
- Greie ut landstraum eller anna form for ikkje-fossil energibruk i regionen (R, N).
- Påverke det nasjonale arbeidet for ei berekraftig utvikling av cruiseturismen i Noreg (R).
- Greie ut om moglegheitene og behov for eit regionalt mottak for avfall frå cruiseskip (R).
- Utarbeide ein konsekvensanalyse om moglegheitene for å innføre ei nasjonal miljøavgift (R, N).
- Stimulere til at fleire reisemål og bedrifter blir miljøsertifiserte gjennom ulike miljømerkingar (R).
- Kartlegge/hente kunnskap frå «best practice»-reisemål som lukkast med ei berekraftig utvikling (R).

Delmål, produktutvikling:

- Auka konkurransekraft og attraktivitet i den mest kjøvesterke og lønsame delen av cruisemarknaden
- Betre infrastruktur i regionen slik at næringa kan ta ut potensialet
- Utvikling av cruise skal inngå som ein del av den samla reisemålsutviklinga i Vestlandsregionen der hamner, destinasjonsselskap og det offentlege samarbeider og legg til rette for ei berekraftig utvikling
- Auka kompetanse og kunnskap om marknad, produktutvikling og berekraftig utvikling

Vestlandsrådet

- Fleire heilårstilbod i regionen som også cruisetrafikken kan dra nytte av

Strategiar, produktutvikling:

- Utvikle ein modell for heilskapleg reisemålsutvikling av infrastruktur og marknadstilpassa produktutvikling (R)
- Stimulere til «grøne» reiselivsbedrifter basert på marknadskunnskap, kompetanse og lønsemd (R)
- Vidareutvikle eksisterande og utvikle nye, berekraftige attraksjonar, aktivitetar og opplevelingar (R)
- Arbeide for at det vert etablert ein nasjonal standard eller sertifiseringsordning for utdanning av guidar i Noreg der ein set krav til lokalkunnskap (R, N)

Dei ulike strategiane er merka med R og/eller N for å vise om det er mest naturleg at det er eit regionalt (R) eller nasjonalt (N) ansvar å omsetje strategien i konkrete tiltak.

Det vidare arbeidet med handlingsplan til cruisestrategien

Dei fire vestlandsfylka har drøfta arbeidet med handlingsplan for cruisestrategien, og næringsjefkollegiet er i ferd med å hente inn ein konsulent som skal hjelpe oss med den vidare handlingsplanutforminga. Det er også sett ned ei prosjektgruppe med fagfolk frå dei fire fylka, og denne gruppa skal arbeide saman med konsulenten. Arbeidet med handlingsplanen er relativt omfemnande, og gjeld eit breitt spekter av problemstillingar: alt frå påverknadsarbeid til samspel mellom aktørane, og arbeid med meir miljøvennlege løysingar. Vi ser føre oss at arbeidet vert delt opp i fleire deler/bolkar, der vi først konsentrerer oss om eit utval av problemstillingane. Første del av arbeidet/første bolken skal vere ferdig i siste halvdel av september, med tanke på framlegging i Vestlandsrådet sitt oktobermøte.

Dette som ei orientering om arbeidet med handlingsplanen for cruisestrategien, og som eit høve til å gje administrasjonen synspunkt i samband med det vidare arbeidet.

Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjøre følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet tek statusrapporteringa frå arbeidet med cruisestrategien sin handlingsplan til vitande.
 2. Arbeidet med handlingsplanen er relativt omfemnande, og gjeld eit breitt spekter av problemstillingar. Vestlandsrådet meiner handlingsplanen særleg må konkretisere det naudsynte påverknadsarbeidet som skal gjerast framover, arenaer for samspel mellom dei sentrale reiselivsaktørane samt det vidare arbeidet med å finne meir miljøvennlege løysingar i denne næringa.
 3. Vestlandsrådet ber om å få seg førelagt ei eiga sak som syner handlingsplanen si samla tematiske inndeling og tilhøyrande konkrete utfordringar og problemstillingar hausten 2017.
-